



Møteinnkalling

Utval: Valstyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Ulstein rådhus
Dato: 19.03.2019
Tid: 13:00

Vi ber om at fråfall vert melde snarast råd til møtesekretæren.

Medlemmer som er ugilde i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Varamedlemmer som får saksdokumenta til orientering, får ei særskilt melding når dei skal møte.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumenta er publiserte under «Politikk, påverknad og val» på www.ulstein.kommune.no. Dei kan lesast i servicetorget på rådhuset.

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaknr
PS 19/1	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE	
PS 19/2	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE	
PS 19/3	MELDINGSSAKER	
PS 19/4	DELEGERING FRÅ VALSTYRET VED KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 2019	2018/517

Eventuelt

Ulsteinvik, 13.9.2019

Knut Erik Engh
leiar

Svein Arne Orvik
møtesekretær

PS 19/1 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

PS 19/2 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

PS 19/3 MELDINGSSAKER



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Svein Arne Orvik

Arkivsak: 2018/517

Løpenr.: 3801/2019

Utvalsaksnr.

19/4

Utval

Valstyret

Møtedato

19.03.2019

DELEGERING FRÅ VALSTYRET VED KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 2019

Saka gjeld:

Etter vallova og valforskrifta har valstyret ansvar for dei fleste oppgåvene i samband med valet, både praktiske og prinsipielle. Rådmannen tilrår at valstyret skal ta hand om dei prinsipielle oppgåvene, medan dei andre oppgåvene vert delegerte.

Tilråding frå rådmannen:

1. Valstyret skal
 - vedta fristar som kommunen skal fastsette ved valet
 - fastsette røystestader, røystekrinsar og opningstider
 - fastsette organiseringa av valgjennomføringa (oppteljingsmåten)
 - godkjenne listeframlegg
 - utnemne røystemottakarar og røystestyre
 - vedta å eventuelt forkaste røyster og røystegivingar
 - behandle valstyrets møtebok
 - behandle klagar ved valet
2. Valstyret gir valstyreleiaren mynde til å supplere røystestyra.
3. Andre oppgåver som etter lov og forskrift ligg til valstyret, vert delegerte til dei rådmannen peikar ut som valansvarlege og valmedarbeidarar blant dei tilsette i kommunen.

Saksfakta:

Etter vallova og valforskrifta har valstyret ansvaret for dei fleste oppgåvene i samband med valet. Det dreier seg om både praktiske og prinsipielle oppgåver.

Valdirektoratet har uttalt at visse oppgåver er å rekne som prinsipielle og må takast hand om av valstyret sjølv:



Prinsipielle saker som krever vedtak i valgstyret

- Fastsette frister for kommune
- Vedta stemmesteder, stemmekretser og åpningstider
- Vedta organiseringen av valggjennomføringen (opptellingsmåte)
- Godkjenne listeforslag
- Oppnevne stemmemottakere/ stemmestyre
- Behandle forkastelser
- Godkjenne valget/ valgoppgjøret (møteboken)
- Behandle klager ved valget

Kjelde: Presentasjon ved Valldirektoratet på opplæringsksamling for kommunane på Gardermoen 3. mars 2019

Vurderingar og konklusjon:

Det er vanleg at dei mange praktiske oppgåvene som følger med det å førebu og gjennomføre eit val, vert utførde av tilsette i kommunane og ikkje av valstyra sjølve.

Dette føreset at eit vedtak om delegering frå valstyret.

Det vert her føreslått at

- valstyret gir valstyreleiaren mynde til å supplere røystestyra og at
- andre oppgåver enn dei prinsipielle vert delegerte frå valstyret til dei rådmannen peiker ut som valansvarlege og valmedarbeidarar blant dei tilsette i kommunen.

Folkehelse- og miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Det ville vere svært tidkrevjande, og dermed kostbart, om valstyret sjølv skulle utføre alle oppgåvene dei etter lov og forskrift har ansvar for.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Lenke til meir informasjon:

Valhandboka: <https://www.regjeringen.no/no/tema/valg-og-demokrati/den-norske-valgordningen/valghandboken/id463405/>

Vallova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-28-57>

Valforskrifta: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-01-02-5>

Verner Larsen
rådmann

Svein Arne Orvik
leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.